

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 15.10.2024

Til stades: Ole Gisle Vassel, Ingrid Stranden Haavik, Jon-Harald Huus, Guri Bugge (via Teams), Inga Abraham og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Veslemøy Mjelde, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes
Referent: Kaia

Sak 2024/53: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2024/54: Godkjenning av referat frå styremøte 10.09.2024. Godkjent
Kommentar til sak 2024/50; haustdugnaden vart flytta til 01.10.24 grunna kollisjon med dugnad i båthamna. *Takk for samtaket!*

Sak 2024/55: Eigedomar:

- Oppretting av avvik etter kommunalt tilsyn for leikeapparat på leikeplassen (C-avvik) vert no gjennomført, fallmatter vert lagt ned under og rundt apparata fjørvippe og vippedisse og framfor sklia.
- Halvårleg kontroll av status for elektrodar og batteri på hjartestartaren på kulturhuset vart gjennomført 19.09.2024 og meldt til Hjertestarterregisteret 113.
- Petol AS utførte årleg kontroll av brannsløkkjeutstyr på kulturhuset fredag 11.10. Apparata vart kontrollert og godkjent. Brannslangane vil bli trykktesta snarast.

Sak 2024/56: Tilstellingar:

- Oppsummeringsmøte etter turistsesongen vert tysdag 22.10.2024 kl 19:00 i matsalen, Herand kulturhus. Tema; besøksforvaltning. Innleiing ved Britt Dalland frå Vestland Fylkeskommune. Alle velkomne!
- Julegrantenning vert fredag 29.11 kl 17.00. Bygdelaget set opp gran i båthamna, skaffar nisse/godteri og lagar plakat. Herand idrettslag lagar nissemarsj. Bedehuset er spurd om å bidra med musikk. Butikken er med.
- Bygdelagsbasar vert laurdag i vinterferien, 22. februar 2025. Sal av loddar på bok med start i desember. Styret startar å skaffa gevinstar. Lista sendast ut saman med referatet. *Tusen takk for alle bidrag!*

Sak 2024/57: Økonomi:

- Forsikringspremien i Gjensidige for kulturhuset ++ er redusert med kr 4500,-.

Sak 2024/58: Andre saker/eventuelt:

Neste styremøte tysdag 12.11.24 kl. 19.00 på Herand kulturhus.